

NATIONEN

Postboks 9390 Grønland
0135 Oslo

Besøksadresse:
Schweigaardsgate 34 A
www.nationen.no

Sentralbord:
Telefon: 21 31 00 00
Fax: 21 31 00 90
Redaksjonen etter kl. 16.00:
21 31 00 25

Sjefredaktør/daglig leder:
Tove Lie
Direktenummer: 21 31 00 40
tove.lie@nationen.no

Magasin- og kulturredaktør:
Britt Sofie Hestvik
Direktenummer: 21 31 00 65
britt.hestvik@nationen.no

Politisk redaktør:
Erling Kjekstad
Direktenummer: 21 31 00 20
erling.kjekstad@nationen.no

Nyhetsredaktør:
Sveinung Engeland
Direktenummer: 21 31 00 35
sveinung.engeland@nationen.no

Samfunnsredaktør:
Pernille Huseby
Direktenummer: 21 31 00 45
pernille.huseby@nationen.no

Administrativ redaktør:
Carl Hamre
Direktenummer: 21 31 00 16
carl.hamre@nationen.no

Trøndelagskontoret:
Hans Bårdsgård
Mobiltelefon: 911 98 998
hans.baardsgaard@nationen.no

Debattredaksjonen:
Gunhild Aaslie Soldal
Direktenummer: 21 31 00 31
gunhild.soldal@nationen.no

Abonnement og distribusjon:
Hverdager fra kl. 08.00 til 15.00
Tlf: 800 80 199
Fax: 21 31 00 92
abonnement@nationen.no

Annonser
Direktenummer: 21 31 44 44
annonser@nationen.no

Rubrikkannonser:
Hverdager fra kl.
08.00 til 16.00
Tlf: 61 35 98 29
Tlf: 61 35 98 30
Fax: 61 35 98 40
annonser@nationen.no



Nationen arbeider etter Vær
varsom-plaktens regler for god
presseskikk. Den som mener
seg rammet av urettmessig
avisomtale bes ta kontakt med
redaksjonen. Pressens Faglige
utvalg (PFU) er klageorgan som
behandler klager mot pressen
i presseetiske spørsmål. PFU
holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40.
Epost: pfu@presse.no

DAGENS GJEST

Lukkeleg einsemd



Eg vaknar like ved breidda av Ma-
vora lake, nett der Frodo dreiv
å bala på ei av sine mange mei-
ningslause vandringar med altfor
store fotblad og ein ring i nevene.
Området har ein estetikk som
nærast er ubeskriveleg, men eg
har ikkje tid til å nyte den no. Eg
lyt pakke saman telt og soveposar
å kome meg til tilgangspunktet
for Oreti river.

Klokka var kvart på seks då eg
kom der og det var i siste liten, ti
minutt etter gleid den fyrste bi-
len håpefullt over bakkekammen
berre for å sjå at eg var fyrst i dag.
Ei typisk «sight fishing»-elv som
Oreti har ikkje plass til meir enn
ein fiskar i gongen over det same
elvestrekket. Brunauren er for
var til å tole å verte uroa av folk, og
ein stokka aure vil ikkje bite.

For meg, som nok har meir røynsle
som rypejeger i norske statsall-
menningar, enn som aurefiskar i
dei New Zealandske elveallmen-
ningane, var det meste likevel
svært så familiært. Det finst ingen
eksklusive grunneigarkort å få
kjøpt her, og då er det prinsippet
«fyrst i terrenget» som tel. På den
andre sida slepp ein å kappsprin-
ge innover dalsida som ein ofte
må ein tidleg septembermorgon
i rypefjellet. Kiwiane respekterer
at nokon kom her fyrst – ulikt det
norske rypefjellet finst det alltid
ein annan elveallmenning ein kan
reise til, og der er det neppe folk.
Slik har det vore og slik er det del-
vis enno, men ein kan høyre at
stadig fleire er uroa for framtida.
Og det synest som det er amerika-
narane som får skulda.

Ifølge John Houges, frivillig i Fish
and Game Fiordland, var det
kring midten av 90-talet kunn eit
par tre amerikanske guidefirma
med faste turar til New Zealand,
i dag meiner han det finst hund-
revis slike firma. «Dette er det
næraste me kan kome the trad-
gedy of the commons», seier han
og referer til det spelteoretiske
dilemmaet til Garrett Hardin frå
1968. Og det er verkeleg eit all-
menningteoretisk problem. Rett
nok har dette landet eit utal elvar,
og sidan dei fleste Kiwiar med in-
teresse for aurefiske er av britisk
kulturbakgrunn, finst det neppe
ein einaste fiskar som ikkje prak-
tiserar «fang og slepp». Også dei
aller fleste gjestefiskarane stam-
mar anten frå USA eller frå sjølve
Storbritannia, så sett vekk frå ein
og annan tyskar slepp også dei ut
den fisken dei får. Så det er ikkje

auren i seg sjølv som er knapp-
leiksressursen, den er både talrik
og stor, knappleiken er rommet
eller plassen fiskaren har. Det at
fiskaren kan gå heilt aleine i da-
gevis etter ei og same elva utan å
treffe ei levande sjel.

«Eg har mi personlige vesle favo-
rittelv i Fiordland som far min
viste meg i 1967», fortel John
Houges. «Den ligg utilgjenge-
lig til, men med båt frå Milford
Sound tek det meg mindre enn
to timar så er eg fiskeklar. Men i
fjor vart fire fiskarar frå Montana
heist ned frå eit helikopter rett
ved ein av fiskehølane medan eg
stod å fiska».

Det var ein kulturkollisjon som ut-
spelte seg i Fiordland den dagen.
John Houges, ein typisk Kiwi
med Gore-Tex-allergi. No var han

vitne til ein støyande høgteknolo-
gisk amerikansk invasjon av elva
John trudde han hadde heilt for
seg sjølv.

«Skal dette få lov å utvikle seg
fritt, vil New Zealand vere øyde-
lagt som sportsfiskedestinasjon
om få år», hevdar Houges og an-
tyder sterkt at han er tilhengar for
tilgangsregulering. «Du forstår
vel at det er alvor når ein Kiwi vil
at staten skal innføre regulering-
ar», ler han samstundes som han
syner meg ei fluge han sjølv har
konstruert, «Den har namn etter
elva mi», seier han. Men kva nam-
net er, vil han ikkje fortelje til ein
utlending.

Bjørn Egil Flø er forskar ved Norsk
senter for bygdeforskning og stu-
derer for tida det rurale New Zea-
land



EIN OM GONGEN: Ei typisk «sight fishing»-elv som Oreti har ikkje plass til meir enn ein fiskar i gongen over det
same elvestrekket, skriv Bjørn Egil Flø.

FOTO: BJØRN EGIL FLØ

REPLIKK

Flere debattinnlegg finner du på side 16

Ulike forutsetninger – ulik satsing

■ Nationen viser i lederen 10. ja-
nuar til at «Danmark gjør det», i
sin omtale av omsettingspåbud for
biodrivstoff. Om Nationen hadde
sjekket ut dansk politikk innen
området ville de ha funnet ut at
danskene utfordrer EUs omset-
tingspåbud for biodrivstoff. Dan-
mark har en målsetting om 0,1 pro-
sent innblanding av biodrivstoff,
langt fra EUs mål om 5,75 prosent.
Danskene har i stedet konsen-
trert seg om forskning og utvikling
av 2. generasjons biodrivstoffsløs-
ninger ut fra muligheten for bedre
utbredelse av ressurser. Danmark
ønsker ikke å komme i en situa-
sjon hvor de vil være avhengig av
en stortilt import av biobrensel.

Transportkostnad og miljøbe-
lastning ved import reflekteres i
begrenset grad i nasjonale klima-
regnskap. Sverige og Danmark
har dermed valgt helt motsatte
strategier, ut fra ulike forutset-
ninger. Norge har mye å lære av å
se til våre skandinaviske naboer
når det gjelder bioenergisatsing,
ikke bare innen biodrivstoff. Både
Danmark og Sverige har satset
stort på bioenergi i elektrisitets-
og varmeproduksjon. Erfaringene
fra Danmark og Sverige viser at in-
frastruktur for varme har vært av
vesentlig betydning for deres bio-
energisatsing. I Norge er det lite
utbygd infrastruktur for varme.
Olje- og energiministeren har

i statsbudsjettet for 2007 stilt
mellom 700 og 800 millioner
kroner disponibelt til utvikling
av infrastruktur for varme, ener-
gieffektivisering og bioenergi-
satsing. Samtidig har regjeringen
gjennom forskningsprogrammet
RENERGI en styrket utvikling av
2. generasjons biodrivstoff basert
på trevirke. Dette vil åpne for mu-
ligheter for å i større grad utnytte
norske råstoff og begrense im-
portavhengighet.
Skal vi lykkes må vi ta utgangs-
punkt i våre forutsetninger og
lære av erfaringer gjort av andre.

Anita Utseth, statssekretær
i Olje- og energidepartementet

NATIONEN.NO

Nær en tredel av den voksne befolk-
ningen i Norge tror at deres egen
økonomi vil forbedre seg i år. På
Nationen.no har vi spurt leserne hva
de tror. Her er svarene:

Økonomien blir bedre enn i fjor:
21%

Økonomien blir ganske lik
sammenlignet med i fjor:
54%

Økonomien blir dårligere enn i fjor:
25%

Totalt antall stemmer: 292

Hver dag finner du avstemninger
og meningsmålinger om aktuelle
temaer på nationen.no. Klikk deg
inn og stem!